

Modalen pensjonistlag  
v/leiar Gunnhild Steinsland  
5729 Modalen  
Tlf 56 59 98 62  
Tlf 917 00 479

**Til Modalen kommune v/ eldrerådet**

## **GJELD SNØBRØYTING FOR ELDRE**

Styret i Modalen pensjonistlag har motteke melding frå fleire av medlemmene som har høyrte at kommunen vil ta bort ordninga med snøbrøyting for eldre som av medisinske grunnar ikkje greier å utføra denne jobben sjølv.

Styret i pensjonistlaget vil påpeika at god brøyting og strøing gjev tryggleik og legg til rette for meir trim og mosjon. Dette vil vera med på å gje ein positiv helsemessig effekt for kommunen sine eldre innbyggjarar.

God brøyting og strøing i ein slik samanheng er også viktig med tanke på kommunen sin beredskap.

Me bed difor om at ordninga med kommunal brøyting for dei som har medisinsk grunnlag for det, vert vidareført som før, med eigenbetaling for brukarane.

Me vonar på ei positiv tilbakemelding og at eldrerådet vil ta saka vidare.

Helland 27. sep. 2016

  
Helsing Gunnhild Steinsland